

Unios vedtekter

vedtatt av representantskapet 7. desember 2015

Nynorsk utgåve



Unios vedtekter

vedtatt av representantskapet 7. desember 2015

§ 1 Namn

Namnet på organisasjonen er Unio.

§ 2 Formål

Unio skal vere den hovudorganisasjonen som best tek vare på interessene til dei universitets- og høgskuleutdanna, ved å arbeide for høgare verdsetjing av kunnskap, forskning, kompetanse og ansvar. Unio er ein partipolitisk uavhengig hovudorganisasjon med følgjande hovudmål:

- betre lønns- og arbeidsvilkåra til medlemmene, sikre faglig autonomi og påverknad, full sysselsetjing, jobbtryggleik, likeløn og økonomisk og sosial tryggleik
- å styrkje utdanning, kunnskap, forskning og kompetanse i arbeidslivet og samfunnet
- å sikre og vidareutvikle velferdsstaten, fellesverdiane til samfunnet og eit berekraftig samfunn
- å styrkje påverknaden til fagrørsla på nasjonal og internasjonal politikk og samfunnsutvikling

§ 3 Medlemmer i Unio

Unio er ein hovudorganisasjon og skal vere ein overbygning for sjølvstendige organisasjonar.

Som medlemmer kan representantskapet ta opp organisasjonar for arbeidstakarar som har utdanning på universitets- eller høgskulenivå.

Som medlemmer kan representantskapet òg ta opp organisasjonar gjennom ei fellesordning dersom dei elles tilfredsstillar krava til medlemskap (jf. § 4). Organisasjonane i fellesordninga får rettar og plikter etter vedtektene på linje med dei andre medlemsorganisasjonane.

Før nye organisasjonar kan takast opp, må søkjarane skriftleg forplikte seg til å ha eigne konfliktfond i samsvar med styrevedtak.

§ 4 Vilkår for medlemskap

Ein organisasjon kan vere medlem når han har

- eit tilfredsstillande apparat for på eiga hand å vareta interessene til medlemmene og for å vareta pliktene i Unio
- eit ansvarleg styre
- eit eige sekretariat
- eit eige konfliktfond
- stilt garanti i samband med streik i tråd med vedtak i styret
- eigne vedtekter

§ 5 Medlemsorganisasjonane sitt forhold

Medlemsorganisasjonane og Unio skal halde kvarandre orienterte om spørsmål som er av felles interesse. Medlemsorganisasjonane skal arbeide for å gjere politikken og rolla til hovudorganisasjonen kjend.

Eventuelle forslag til vedtektsendringar i medlemsorganisasjonane og andre forhold som kan komme i konflikt med vidare medlemskap i Unio, skal på førehand leggjast fram for styret til orientering og for eventuelle merknader.

§ 6 Organisasjonsstruktur

Unio har følgjande vedtaksorgan:

- representantskap
- styre
- forhandlingsutval

§ 7 Representantskap

Representantskapet er det øvste organet i Unio.

Det blir halde representantskap éin gong i året, innan 15. desember.

Representantskapet skal kallast inn med minst fire vekers varsel. Innkallinga må innehalde opplysningar om tid og stad for møtet, i tillegg til sakliste. Sakspapira skal sendast til medlemsorganisasjonane seinast to veker før møtet.

Saker som medlemsorganisasjonane ønskjer å få behandla, må vere Unio i hende innan 15. september.

Representantskapet trekkjer opp rammene for arbeidet i Unio.

Representantskapet skal:

- behandle årsrekneskapen og meldinga frå styret
- vedta kontingenten og rammebudsjettet (talet på yrkesaktive medlemmer i medlemsorganisasjonane per 1. januar skal leggjast til grunn for kontingenten)
- behandle eventuelle vedtektsendringar
- behandle politiske prioriteringar
- behandle andre saker frå styret eller medlemsorganisasjonane
- behandle opptak av nye medlemsorganisasjonar
- velje leiar
- velje styremedlemmer etter innstilling frå medlemsorganisasjonar og organisasjonar i fellesordninga med rett til styrerepresentasjon (jf. § 8)
- velje 1. og 2. nestleiar blant styremedlemmene

Alle ordinære val skal gjerast for ein periode på tre år.

På representantskapsmøtet året før det er ordinære val, vel ein komité på tre medlemmer med varamedlemmer som fremjar innstilling om val av leiar og 1. og 2. nestleiar til neste representantskapsmøte.

For å få saker som ikkje står på saklista til behandling, må det vere to tredjedels fleirtal. Det må òg vere to tredjedels fleirtal for at ei sak skal bli vedteken.

Samansetjinga til representantskapet

Representantskapet til Unio er sett saman etter følgjande prinsipp (basert på talet på yrkesaktive medlemmer per 1. januar):

- Medlemsorganisasjoner med
 - under 5 000: 2 delegatar
 - 5 001–10 000: 3 delegatar
 - 10 001–15 000: 6 delegatar
 - 15 001–20 000: 8 delegatar
 - 20 001–30 000: 10 delegatar
 - 30 001–50 000: 12 delegatar
 - 50 001–70 000: 15 delegatar
 - 70 001–100 000: 18 delegatar
 - over 100 000: 21 delegatar
- Unios leiar

Styremedlemmene er delegatar og inngår i eigen medlemsorganisasjons kvote, men har ikkje forslags- eller stemmerett når representantskapet behandlar rekneskap og melding.

Kvar medlemsorganisasjon peiker elles ut delegatane og varadelegatane sine til representantskapet.

Kvar medlemsorganisasjon er ansvarleg for å sikre den nødvendige breidda og representasjonen i representantskapet.

Sekretariatsjefen til Unio møter med talerett.

Votering i representantskapet

- Stemmetalet i representantskapet svarer til talet på møtande delegatar, og vedtak blir gjort med simpelt fleirtal der vedtektene ikkje seier noko anna.
- For at eit forslag skal bli vedteke, må eit fleirtal i minst to medlemsorganisasjonar som til saman representerer minst 50 000 medlemmer, ha stemt for.
- Ved opptak av nye organisasjonar må det vere tre fjerdedels fleirtal.

Ekstraordinært representantskap

Det blir halde ekstraordinært representantskap dersom to organisasjonar som til saman representerer minst 50 000 medlemmer, krev det.

Viss leiar fråtrer i perioden, blir det halde ekstraordinært representantskap for å gjere val.

Styret kan på sjølvstendig grunnlag kalle inn til ekstraordinært representantskapsmøte.

Styret kallar inn til ekstraordinært representantskap med minst to vekers frist. Innkallinga skal innehalde tid og stad for møtet, i tillegg til sakliste. Sakspapira skal sendast til medlemsorganisasjonane seinast ei veke før møtet.

§ 8 Styret

Styret er Unios utøvande organ og er høgste mynde mellom representantskapsmøta, og det står ansvarleg overfor representantskapet. Styret skal mellom anna:

- vere ansvarleg for budsjett, rekneskap og melding overfor representantskapet
- leggje fram saker for representantskapet
- nemne opp forhandlingsutval og vedta retningslinjer for dei
- nemne opp andre utval der styret eventuelt finn behov for det
- utarbeide eit felles grunnlag for inntekts- og lønnspolitikken til Unio før kvart tariffoppgjer og stå for samordninga mellom tariffområda

- vedta prinsipp for og godkjenne overordna rammer for konfliktberedskap og arbeidskamp etter råd frå forhandlingsutvala
- tilsetje ein sekretariatssjef
- gjere eventuelle suppleringsval

Styreleiaren er tillitsvald på heiltid og kan ikkje ha sentrale verv i eigen organisasjon. Leiaren teiknar organisasjonen.

Styret er avgjerdsdyktig når minst halvparten av medlemmene er til stades. Ved likt stemmetal har styreleiaren dobbeltstemme.

Styresamansetjinga

Styret er sett saman etter følgjande prinsipp:

- Unios leiar
- Medlemsorganisasjonar som er tekne opp på sjølvstendig grunnlag (talet på yrkesaktive medlemmer):

5 001–10 000:	1 medlem
10 001–50 000:	2 medlemmer
50 001–100 000:	3 medlemmer
over 100 000:	4 medlemmer
- Organisasjonar i fellesordninga får følgjande styrerepresentasjon (på grunnlag av talet på yrkesaktive medlemmer):

under 5 000:	1 observatør
5 001–10 000:	1 medlem + 1 observatør
over 10 000:	2 medlemmer

Leiingar i forbund som ikkje får styreplass etter denne føresegna, er observatørar med talerett i styret.

Ein representant for Unios studentforum er observatør med talerett i styret.

Dersom ein medlem permanent fråtrer styreverv i Unio, kan vedkommande erstattast av ein annan frå det same forbundet. Suppleringsvalet skal gjerast på første moglege styremøte.

Styret vel varamedlemmer til styret etter innstilling frå medlemsorganisasjonane og organisasjonar i fellesordninga med rett til styrerepresentasjon.

Medlemsorganisasjonar med styreplass og organisasjonar i fellesordninga nemner opp varamedlemmer for styrerepresentanten sin / styrerepresentantane sine.

Til styremøta har medlemmene møteplikt.

§ 9 Sekretariat

Ein sekretariatssjef leier sekretariatet til Unio.

§ 10 Forhandlingsutval

Det blir oppretta forhandlingsutval for dei tariffområda der det er nødvendig, eller der det blir rekna som formålstenleg for å kunne vareta dei sentrale forhandlingane i samsvar med lov- og avtaleverk.

Oppgåvene til forhandlingsutvala er avgrensa mot forhandlingar der medlemsorganisasjonane kan vareta interessene til eigne medlemmer.

Medlemsorganisasjonane skal vere representerte i forhandlingsutvala som dei har interesser i, ved at dei har partsforhold i det gjeldande tariffområdet. Medlemsorganisasjonar som er tekne opp gjennom fellesordninga etter § 3 tredje ledd, skal likevel representerast gjennom fellesordninga. Leiaren og nestleiaren i det enkelte forhandlingsutvalet skal vanlegvis komme frå den største og den nest største medlemsorganisasjonen innanfor det gjeldande tariffområdet.

I dei tariffområda der Unio er part, får det gjeldande forhandlingsutvalet fullmakt til å vedta eller forkaste eit forhandlingsresultat og avgjere om medlemmer skal takast ut i streik, i tråd med grunnlaget for inntekts- og lønnspolitikken til Unio, vedteke av styret.

Styret fastset størrelsen på utvala og peiker ut medlem i forhandlingsutvala med utgangspunkt i forbundas tal på yrkesaktive medlem i tariffområda.

Forbund som ikkje får rett til plass i forhandlingsutvala etter denne føresegna, kan møte med observatør. Observatøren har talerett.

Utvala gjer vedtak med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal blir utfallet av avstemminga avgjort av kva for eit alternativ som har flest yrkesaktive medlemmer bak sine stemmer.

§ 11 Andre utval og samarbeidsfora

Rådgivande samarbeidsutval

Innanfor tariffområde der det ikkje er oppretta forhandlingsutval, blir det oppretta eit rådgivande samarbeidsutval.

Studentforum

For studentorganisasjonane til medlemsforbunda blir det oppretta eit studentforum.

Politiske utvalg

Styret kan opprette politiske utval. Utvala skal vere leia av eit styremedlem.

§ 12 Vedtektsendringar

Representantskapet kan vedta endringar i desse vedtektene med minst tre fjerdedels fleirtal. Endringsforslag må vere Unio i hende seinast 15. juni for å bli behandla.

Styret kan likevel til kvar tid foreslå vedtektsendringar og med ein frist på minst to veker kalle inn ekstraordinært representantskap til å behandle forslaget.

§ 13 Utmelding – opphøyr av medlemskap

Ein medlemsorganisasjon kan melde seg ut av Unio med verknad frå utgangen av året. Utmeldinga må meldast skriftleg til styret seinast 1. juni. Utmeldinga er bindande per 15. juni.

Retten ein organisasjon har til å vere medlem, tek slutt dersom han ikkje oppfyller vilkåra for medlemskap, jf. §§ 3 og 4. Medlemskapen tek i så fall slutt ved utgangen av det kalenderåret då representantskapet med tre fjerdedels fleirtal har vedteke at vilkåra for vidare medlemskap ikkje er til stades.

Organisasjonar som går ut av Unio, har ikkje krav på nokon del av aktiva til Unio.

§ 14 Oppløysing

Ei eventuell oppløysing av Unio blir avgjord av eit ordinært representantskap med minst tre fjerdedels fleirtal. Forslag til representantskapet om oppløysing må vere sett fram skriftleg overfor styret seinast 1. mars. Forslaget om oppløysing kan deretter behandlast av representantskapet seks månader seinare.

Eigedelane til Unio skal fordelast mellom dei organisasjonane som er medlemmer på oppløysingstidspunktet, på grunnlag av gjennomsnittleg medlemskontingent for dei tre siste åra.



Stortingsgata 2
0158 OSLO
sentralbord: 22 70 88 50
telefaks: 22 70 88 60
post@unio.no
www.unio.no

Unios medlemsforbund:

Utdanningsforbundet • Norsk Sykepleierforbund • Forskerforbundet
Politiets Fellesforbund • Norsk Fysioterapeutforbund • Det norske maskinistforbund • Akademikerforbundet
Norsk Ergoterapeutforbund • Norsk Radiografforbund • Presteforeningen
Skatterevisorenes Forening • Det Norske Diakonforbund